

Om Tunsbergdalen.

Av Johanne Leirdal.



Treffstolen.

Etter at det var slutt på stølsdrift (1933) i Haugen dyrka Ole J. Leirdal ca. 1 mål der framme og sådde til med grasfrø. Det vart gild avling i fleire år framover. Dette var vel den einaste “nylenda” i Tunsbergdalen.


Men me kan berre tenke oss korleis det kunne sett ut om heile dalen hadde vorte drenert og dyrka. Me kan sjå og lifna attåt Beitastrondi.

Lifavel, det var Tunsbergdalen slik som han var, som var berginga for leirdølene i gamal tid og fram til dei fekk dyrka meir og meir her heime.

I den tida måtte ein gå på med berre nevane og handreidskap for å få rudt ein åferteig. Korn og poteter måtte til for å berge livet for seg og sine. Slåtten — det vart å sno seg rundt steinane med lå og sigd.

Men i Tunsbergdalen var det onnorleis. Der kunne ein breie seg og slå med ein lå som var minst ei kvart lenger enn vanleg. Desse meir for dei klarde berge i Tunsbergdalen, desse fleire dyr kunne forast over vinteren.

Ikkje berre i flati slo dei, men i skredene ogso. Som før sagt — etter kvart det vart dyrka meir heime — dabba det av med slåtten der framme. Siste somrane det vart onna, var etter at dei egentleg slutta, men det vart so liten avling heime at det var godt å finna nokre gode vintraras i Tunsbergdalen. Gudrun og Ragnvald var vistnok dei siste. Det var i 1954. Dei gjekk då heimatt kvar kveld. Slik var det ikkje medan “gamlekarane” styrde.



I fjølastreppa måtte det pakkaft nok mat for heile veka. Det var grautmjøl, flest, smør, ost, byggrryn, havregryn, erter, kaffi, sukker og salt. Ein kasse med flatbrød og ikkje å gløyme vetefollen. Vete er innkøft myse, som vart brukt atåt grauten, til graut-
emne og blanda med vatn til tyrstedriffa.



Kvar brukar hadde sine teigar med løe og ei lita hytte. Hyttene var små, gjerne berre 2,5 x 2,5m. Ein ovn med et kokehol, eit lite bord hekta fast til vegg. Sengenplassen vart markert med ein stoff sli at det var som ein bingje der dei hadde litt høyruff til bol og noko til overbreidsle. Der skulle alle få nattekvila (4=5 stk.). Som Margit seier: «Me låg amföttes, plent som grisene.» Men so snart det vart turt høi i ei løe vart det berginga. Då kunne det overnatte 12=14 stykker i same løa.

Teigane i Tunsbergdalen var Busfrea, Dyahaugen, Monsahansgrandane, Storegrandane, Råtaløteigen og Tjødnene på vestfida av storelva; Vasstølen, Vasstølsli, Holegrandane, Bjørkedottmyri, Løkfari, Tunsberg og Tunsberghaugen på austfida.

Slåttonna i Tunsbergdalen var spesiell på grunn av alt vatnet. I søylene slo dei ein skåre fram og so ein attende sli at den skåren kom saman med den første. So var det for kvinsfolka å rake det saman og føre det mot turrbredden, få det "på land" og breie det. Etter 2-3 dagar med godver og stell var det som regel turt. Berre var det om det vart berre ruffver, for denne storri var meit uråd å få til å henge i hes. Dei hadde også den årvisse flaumen å ta omsyn til.



Løene vart som regel for små, sli at det etter kvart vart mange høystakkar kring i dalen. Dette vart mange vintralafs.

Å få Tunsbergdalshøyet heim i Leirdalen var ei såge for seg. Det måtte vere god is på vatnet og elvane, det var ein betingelse. Høyet der framme var ikkje so kraftig som heimehøyet, difor var det om og gjera å få det heim tidleg på vinteren, sli at ein fekk bruke litt av kvar fort.

Utanom slåtten vart Tunsbergdalen ogso nytta til beite. Alle kalvar vart sleppte på Holegrandane, og dei gjekk ogso på Vasstølen og kringom. Uksane vart losa over storelva og slepte på Storegrandane.

Og so var det hestane. Det var mange som leigde beite åt hestane sine i Tunsbergdalen. Frå Sogndal, Hafflo, Vigdal, Jostedal og Leirmo. Godseigar Knagenhjelm leigde beite åt 10-12 hestar kvar sumar i mange, mange år. Han hadde ogso "gjetar" som såg etter dei fleire gonger i veka. Alle Leirdalshestane som var ledige gjekk ogso fjølsfagt der framme. Tilsaman vart dette mange. Ein sumar var det over 80 stykke på beite i Tunsbergdalen.

Av dette forstår me at Tunsbergdalen var verdfull for Leirdalen.

Det einaste ein hadde å halda vedlike var grind i Vassurdi og floppi over Vassstølsløfen.

Pengane for beiteleiga vart i nokre år på slutten sett inn på bankbok. Dei vart nytta til å få telefon her til dalen.



* * *

Artikkelen er gjeve att med løyve frå forfattaren.